

# Referat frå styringsgruppemøte for Læringsnettverket

Dato: 16.11.2021 Stad: Teams

Sak:	Agenda/tema:	Status/konklusjon:	Konklusjon/ ansvar og tidsfrist:
1.	<b>Presentasjon og godkjenning av agenda</b>	<p><b>Gjennomgang av agenda</b> Hovudsaka i dag er å starte planlegginga for 2022.</p> <p>Presentasjon og ei kort runde om status i utviklingsprosjekta og kommunane sitt arbeid med å førebu reforma.</p> <p><b>Ei kort oppsummering frå statusrunden:</b></p> <p><b>Randi frå Kvinnherad kommune</b> opplev at kommunen som heilskap, samt tenester som arbeidar med barn og unge har meir kjennskap til, og interesse for reforma no. Til dømes vil 50 personar frå kommunen følgje den tverrfaglege digitale samlinga 18.-19. november. Kvinnherad er med i tre ulike utviklingsprosjekt, som alle går sin gang. To av prosjekta er i ei slutfase, og fokus er på å integrere dette i ordinær drift i kommunane, det skal arrangerast ei samling om implementering i desember. Det siste prosjektet er no komen godt i gang med arbeidsgruppa og samarbeid med eksterne.</p> <p><b>Gerd frå Gloppen kommune:</b> Orienterer om at arbeid med barnevernsreforma i kommunen går greitt, særst etter samling i Førde i regi av Læringsnettverket, der både kommunalsjefar og tenesteleiarar var representert. Utviklingsprosjektet Gloppen er ein del av går fint. Er informert om at dei arbeider i høve målsetting og framdriftsplan og hennar tilsette er fornøgde.</p> <p><b>Anita frå Bergen kommune:</b> Orienterer om oppleving av at barneverntenestene er godt i gong med arbeid og organisering knytt til barnevernsreforma. Bergen kommune har allereie strukturar som hjelper i overgangen til reforma. I spørsmålet kring økonomi er dette framleis noko uklart og korleis dette vil slå ut er dei spent på. Ho er usikker på kor oppdaterte andre etatar og tenester utanfor deira etat er, men er kjent med at leiar har teke grep for auka kontakt og kommunikasjon med andre etatar, til dømes oppvekst. Tenester som arbeidar med barn og unge treng kunnskap om reforma og korleis det vil påverke dei. Prosjektet dei har saman med Askøy og Alver går inn i ei implementeringsfase og etter kvart ein avslutningsfase.</p> <p><b>Torill frå Askøy kommune:</b> Seier at dei har orientert kommunestyret om barnevernsreforma, sektorleiar er med i planlegginga og arbeid med implementering av BTI er i gong. Ho opplever at ved å kalle barnevernsreforma ein oppvekstreform har vore viktig, samt kommunestyrets ansvar med å utforme ein plan. Askøy er med i tre utviklingsprosjekt det eine som dei er med i saman med Bergen og Alver avsluttast truleg i februar 2022. Elles er dei i startfasa på eit prosjekt saman med Øygarden kring barnevernvakt og eit anna kalla «Frå barnets vindaug». Prosjektgruppa for sistnemnte prosjekt, er nyleg prosjektgruppa sett ned, og dei har sitt første møte i neste veke.</p>	<p><b>Konklusjon:</b> Agenda godkjent, ingen saker til eventuelt.</p>

		<p><b>Monica frå Sunnfjord:</b> Orienterer om at kommunen er på knytt til barnevernsreforma og at kommunen arbeidar med å implementere BTI som eit verktøy i arbeidet med barn og unge. Kommunen har vidare tverrfaglege team som drøfter sakar og ein arbeider for at det skal bli eit likt tilbod av tenester i heile storkommunen. Utviklingsprosjektet Sunnfjord er med i har hatt nokon utfordringar knytt til lande arbeidsgruppe. Denne er no landa og dei har hatt tilsette på kompetanseoverføring frå Bufetat i form av TBOF, halve Veilederskulen og har bestemt at dei skal vente med resten av kompetanseoverføringa. Vidare arbeidar prosjektet med ein fosterheimssamling som skal heldast på nyåret.</p> <p><b>Linda frå RVTS Vest:</b> Seier at RVTS samarbeider med fleire av utviklingsprosjekta på ulikt vis. Nokre av prosjekta arbeider med å finne ut av kva bistand dei ynskjer. RVTS vurderer frå gong til gong korleis dei kan bistå både utviklingsprosjekta, og når dei får andre spørsmål frå kommunane. Dei har no fokus på å utfordra kommunane til å undersøke om dei sjølv har den kunnskapen eller kompetansen som dei etterspør. I mange tilfelle er det folk i kommunen som allereie kan dette, og som kan dele kunnskapen vidare. I desember held RVTS ei digital fordjupingssamling for nøkkelpersonar som ynskjer å bidra til at verktøya «Jeg vet» og «Snakke med» i større grad nyttast i eigen kommune. til andre i kommunen. Dette er ein digital halvdagssamling der en får kunnskap om å drive opplæring i eigen kommune. RVTS arbeidar også med å digitalisere kunnskap og etablere eit brukarpanel.</p> <p><b>Unni frå RKBU Vest:</b> Informerer om at RKBU har fokus på oppvekstreforma og korleis ein skal arbeide kring heilskaplege tenester. Dei er oppteken av korleis dei skal utnytte ressursane best mogleg og korleis ein skal arbeide for å få til reell implementering til kommunane. Knytt til Læringsnettverket er dei oppteken av berekraft og korleis få til berekraftige endringar, blant anna drøfting på korleis ein kan utnytte kompetansen ut i kommunane. RKBU har driftar rettleiingsgruppe for prosjektleiarar, det har vore litt varierende kor mykje prosjekta har nytta dette tilbodet.</p> <p><b>Astrid frå KS:</b> Orienterer om at KS også har fokus på kommunane og oppvekstreforma, samt kva den inneberer i praksis. Ho tek opp refleksjon om at det har blitt mykje aktivitet for kommunane dette halvåret og stillar spørsmål om Læringsnettverket skal vere for heile kommunen eller i større grad rette seg mot barneverntenestene.</p>	
2.	<p><b>Innleiing til hovudsak:</b></p> <p><b>Årsplanlegging for 2022</b></p> <p>Litt om forventa prioriteringar, oppdragsbrev og økonomi</p>	<p><b>Kva veit vi frå SF om rammene for vår aktivitet i Læringsnettverket i 2022?</b></p> <p>Vi mottok nyleg førebels oppdragsbrev frå våre oppdragsgivarar, og slik det ser ut er dei fleste oppdraga vidareføringar frå i år og åra før. Det ligg an til enda større merksemd mot heilskapleg og koordinert hjelp, tverrfagleg samhandling, ny barnevernslov, tiltaksutvikling og førebyggjande arbeid. Dermed ser det ut til at vi kan fortsette på dei gode prosessane for samhandling og erfaringsdeling på tvers av tenester og kommunegrensar som vi allereie er godt i gang med.</p> <p>Dei økonomiske rammene er ikkje sikre enda, men vi reknar med ei vidareføring av dei rammene vi har hatt for stimuleringsmidelar og drift av nettverket og førebuingar til reforma. Vi kan ikkje avgjere kva samlingar vi gjennomfører fysisk før dette er klart, men vi kan lage ei innstilling og med</p>	

	<p><b>Gjennomgang av tilbakemeldingar</b> på samlingar frå kommunane 22.-23. september, 13. oktober og 27. oktober 2021</p>	<p>rom for at vi kan justere rammene for aktivitetane avhengig av dei midlane vi har rådvelde over.</p> <p><b>Kva veit vi om kommunane sine behov, ynskjer og utfordringar?</b> Korleis kan vi i læringsnettverket bidra til å støtte opp om det utviklingsarbeidet som skjer, og legge til rette for erfaringsdeling mellom kommunar og prosjekt?</p> <p>Før møtet sende vi ut ei oppsummering av dei tilbakemeldingane vi har fått etter dei arrangementa vi har hatt i nettverket gjennom 2021. Bente C. gjekk raskt gjennom hovudtrekka i tilbakemeldingane og evalueringane som var sendt ut på førehand. Dei syner at kommunane arbeider med førebuing og utviklingsarbeid på ulike områder og i forskjellig tempo. Ein ser òg at kommunane i Vestland har ulike utgangspunkt knytt til barnevernsreforma og utfordringane er forskjellige. Mange trekk fram at det er nyttig med erfaringsdeling på tvers av kommunegrensar, og at dei også i 2022 ynskjer arena for å snakke saman på tvers.</p> <p>Var det noko i det dykk leste i tilbakemeldingane som de tenkjer vi bør ha særleg merksemd mot no når vi planlegg våre aktivitetar for 2022?</p> <p>Unni frå RKBU beit seg merke i ynskje om ei mentorordning for prosjektleiarar, dette er noko vi kan tenkje meir på i samband med prosjektstøtteriigen.</p> <p>I førre veke hadde vi møte i ressursgruppa, der gjekk vi også gjennom desse tilbakemeldingane. På bakgrunn av det, og dei erfaringane vi har gjort i nettverket fram til no, har ressursgruppa laga eit utkast til årsplan med aktivitetar i nettverket og prosjektstøtteriigen for 2022. Planen er at vi i dag skal gå gjennom dette forslaget, og gjere eventuelle justeringar. Deretter legg vi inn forslag til datoar for alle møter og arrangement, og sender dette ut til alle i styringsgruppa og ressursgruppa. Det er da viktig at alle er raske til å gje tilbakemeldingar om vi ser at arrangementa kjem i konflikt med andre arrangement eller aktivitetar retta mot dei same målgruppene. Vi oppmodar om at dei som skal bidra med ressursar inn i aktivitetane også legg fram forslaget for leiinga ei dei ulike organisasjonane, før vi legg fram forslaga til årsplan og prosjektstøtteriigen for barnevernleiarane i årsmøtet i 20. januar.</p> <p>I årsmøtet vil vi også diskutere styringsgruppa sitt mandat for 2022, gjennomføre val av styringsgruppe og drøfte kva leiarane meiner det er viktig at læringsnettverket har si merksemd mot det neste året.</p> <p>Styringsgruppas medlemmar vert som regel valt ut frå dei barnevernsleiarane som har vertskommuneansvar for utviklingsprosjekt i det komande året. Det vert ingen store endringar i kven dette er, sidan mange av utviklingsprosjekta vil fortsette ut i 2022. Kva tenkjer de som sit i gruppa om å stille til attval i 2022? Dersom det er andre barnevernleiarar som ynskjer å stille som kandidat til å svelgast inn i styringsgruppa, er det også mogleg. Vi må òg ha dialog med vara-representantane fram mot årsmøtet, for å avklare kven som ynskjer å stille til attval og om vi har andre som ynskjer å stå som kandidatar.</p> <p>Alle som deltok på møtet sa at dei kan stille seg til disposisjon til attval, og begrunnar dette med at dei opplev det å sitte i styringsgruppa som givande og viktig. Samstundes seier både Randi frå Kvinnherad og Anita frå Bergen at dei kan stille sin plass til disposisjon om det er andre som ynskjer å sitte i gruppa.</p>	<p><b>Konklusjon:</b> alle representerte ynskjer å stille til attval, fram mot årsmøtet undersøker vi med dei andre leiarane som har vertskommuneansvar og dei som sit som vara kva innstilling dei har til å delta i styringsgruppa i 2022.</p> <p>Gruppa tilslutta seg også den planlagde prosessen knytt til framlegg om årsplan</p>
--	---	--	---

			for aktivitetar og prosjektstøtteriggen.
3.	<p><b>Planlegge aktivitetar og arrangement i Læringsnettvek og prosjektstøtterigg 2022.</b></p> <p><b>Temadag om implementering for utviklingsprosjekta.</b></p> <p><b>Fysiske eller digitale arrangement?</b></p> <p><b>Bør nettverket også i 2022 ha merksemda mot barnevern- og oppvekstreforma?</b></p>	<p><b>Bente C. frå SF legg fram forslaga som Ressursgruppa utarbeida i førre veke.</b> Innstillinga frå Ressursgruppa er å i hovudsak vidareføre dei aktivitetane vi har hatt i læringsnettverket og prosjektstøtteriggen i 2021, med nokre små justeringar. Grunngevinga er at vi i hovudsak har fått gode tilbakemeldingar på dei aktivitetane vi har hatt. Vi har heller ikkje avdekka behov for støtte hjå utviklingsprosjekta som vi ikkje kan dekke innanfor dei aktivitetane vi allereie har. Vi ha fått ei konkret tilbakemelding på at rettleiinga til prosjektleiarar og prosjektstøtteriggen kan bli litt betre koordinert både i innhald og tidspunkt. Dette vil SF og RKBU sørge for når vi planlegg for 2022. Elles er vi nøgd med at vi har fått til gode samarbeid mellom fleire av kompetansemiljøa, Bufetat og SF om gjennomføringa av aktivitetane vi har hatt i år, dette ynskjer vi å halde fram med. Det er sjølvstøtt veldig velkoment om fleire av kompetansemiljøa ynskjer å bidra inn i dei aktivitetane vi har.</p> <p>Til dømes gjeld dette en aktuell temadag for utviklingsprosjekta er det fleire som melder om behov for støtte til å arbeide godt med implementering og korleis det som er utvikla gjennom utviklingsprosjektet skal integrerast i ordinær drift etter prosjektperioden. Vi vil forsøke å lage en temadag på dette. Her kan det både være aktuelt å invitere inn nokre prosjekt som har arbeidd godt med dette til å dele sine erfaringar, samt at både RVTS, RKBU og NUBU har mykje erfaring og kompetanse dei kan dele om tema.</p> <p>Det vart i forlenginga av dette drøfter for og motargumenta for å gjennomføre dei ulike aktivitetane fysisk vs. Digitalt, samt kor vi bør legge samlingane for at det skal bli mest praktisk for flest mogleg å delta. Tidlegare har vi fått tilbakemeldingar om at om vi gjennomfører dagssamlingar er det ynskjeleg at vi legg parallelle arrangement i Bergen og Førde. Dersom vi har arrangement med overnatting er det ok og legge desse til Bergen, om vi ikkje startar for tidleg med programmet. For kortare møter når vi ut til fleire om vi gjennomfører aktivitetane digitalt. Det er også nokre økonomiske og ressursmessige spørsmål vi må ta med oss når vi gjer desse avveingane, så den endelege avgjera kan vi ikkje ta før vi har desse rammene på plass. I denne omgang lagar vi ein plan, ut frå det vi veit og det vi meiner vil bidra til å nå formålet best, så må vi ha opning for å kunne gjere nokre justeringar ved behov. Det vert lagt fram forslag om å gjennomføre ein fysisk samling over 2 dagar, både vår og haust om dette er mogleg, alternativt to dagssamlingar, ein i Bergen og ein i Førde på våren.</p> <p>I 2021 har Læringsnettverket hatt stor merksemd på førebuing av barnevernsreforma. Det vert i møtet stilt spørsmål om arbeid i samband med reforma er noko som dei som er representert i møtet meiner nettverket også i 2022 bør ha i fokus? Det er noko ambivalens knytt til dette spørsmålet. Det kjem fram ulike refleksjonar. På den eine sida har det fungert godt at Læringsnettverket primært er til for dei kommunale barneverntenestene i Vestland, og nettverket begynner å bli ganske stort allereie med om lag 150 deltakarar, men det er likevel en størrelse som fungerer for fysiske samlingar. Eit sentralt område i arbeidet med reforma i framover er samarbeidet med andre tenester som møter barn, unge og foreldre, kring førebygging og koordinerte tenester. Da er alle tenestene som barneverntenestene samarbeider også målgruppa, da vil dette gjelde mange gruppa bli myke større. Det vart jo i 2021 opna for at barneverntenestene kunne søke på stimuleringsmidlane også saman med andre tenester. Om dette vert</p>	<p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Vi reiser dette spørsmålet internt hjå</p>

	<p><b>Møtestruktur for styringsgruppa.</b></p>	<p>vidareført og meir nytta, kan jo konsekvensen bli at det blir mindre ressursar til utviklingsarbeid direkte i barneverntenestene. På den andre sida, er arbeidet med reforma og intensjonen bak den umogleg utan å ha tett kontakt og dialog med dei andre tenestene i kommunen som møter barn og unge. Spørsmålet er berre om dette skal skje på andre arena og forum enn dei læringsnettverket legg til rette for.</p> <p>Astrid frå KS legg fram at dei vil tilby barnevernløfte til enkelte kommunar i løpet av 2022. KS er opptatt av at det ikkje skal bli for mykje aktivitetar for kommunane, og retta mot dei same målgruppene. Uheldig når ein ikkje klarer å samordne aktiviteten. Reiser spørsmålet om læringsnettverket først og fremst bør rette sin aktivitet mot kommunal barnevernteneste? Understrekar at det er behov for god dialog og samordning av dei ulike aktørane sin aktivitet på leiarnivå.</p> <p><b>Møtestruktur for styringsgruppa.</b> Eit siste punkt er korleis styringsgruppa ynskjer at møtestrukturen skal være i 2022. Vi har i år hatt tre digitale møter, eit fysisk møte i september, i tillegg til årsmøtet og samlingane på vår og haust. Har dette våre greitt? Treng vi nokre justeringar for 2022? Vi er samstemte at eit møte i kvartalet er naudsynt om vi skal klare å samkøyre aktivitetane, ha naudsynt kontakt med utviklingsprosjekta og førebu samlingane vi planlegg. Ut over dette har det fungert bra å ha dialog per e-post, og små korte møte ved behov med dei ein treng å samsnakkast med. Innstillinga er at vi held fram med denne måten å jobbe på også i 2022. På spørsmål om ein skal fortsette med fysisk møte i forkant av læringsnettverk og barnevernsløysarsamlinga på hausten, er det einigheit om å halde fram med dette.</p> <p>Bente Cecilie strukturerer det vi har vorte einige om i oversiktar som ho sender ut til styringsgruppa og ressursgruppa. Dersom de oppdagar feil eller utfordringar med datoane, oppmodast alle om å gje ei rask tilbakemelding til Bente C. De vil òg få tilsendt eit referat frå dette møtet for gjennomlesing og godkjenning før vil legg referatet ut på nettsida for læringsnettverket.</p>	<p>dei ulike aktørane, og tek også opp spørsmålet med barnevernleiarane på årsmøtet i januar.</p> <p>Styringsgruppa arbeider ut frå det mandatet som vi blir gjeve årleg frå barnevernleiarane saman med føringane vi får i våre oppdragsbrev.</p> <p><b>Oppsummering av aktivitetane, prosjektstøtterigg og møtestruktur for 2022:</b> Innstilling frå styringsgruppa er at vi held fram med aktivitetane, møtestruktur og prosjektstøtteriggen som vi hadde i 2021, med nokre små justeringar. Bente sender ut oversiktene til gjennomlesing, med forslag til tidspunkt saman med referatet frå dette møtet.</p>
4.	<p><b>Eventuelt</b></p>	<p><b>Monica frå Sunnfjord:</b> Legg fram sak om at det har vore for lite informasjon kring kompetanseoverføringa frå Bufetat. Ho legg til at hennar tilsette vart overraska og ikkje var førebudd på det som vart lagt fram. I dialog med Bufetat har dei nå avgjort at dei vil utsette resten av kompetanseoverføringa.</p> <p><b>Nokre innspel til saker/tema for samlingar og møter i 2022:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Den nye barnevernsløva og dei formelle endringane.</li> <li>- Digi barnevern, korleis gå i gang med anbudsprosessar og nytt fagsystem.</li> </ul>	

#### Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

Navn:	Kontakt informasjon:	Barnevernteneste/organisasjon	Deltok på møtet:
Bjarte Gangeskar	<a href="mailto:bjarte.gangeskar@stad.kommune.no">bjarte.gangeskar@stad.kommune.no</a>	Stad	nei
Randi Pedersen	<a href="mailto:randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no">randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no</a>	Kvinnherad	ja
Monica Loen Grov	<a href="mailto:Monica.Loen-Grov@sunnfjord.kommune.no">Monica.Loen-Grov@sunnfjord.kommune.no</a>	Sunnfjord	ja
Elin Fossåen	<a href="mailto:elin.fossaaen@ullensvang.kommune.no">elin.fossaaen@ullensvang.kommune.no</a>	Hardanger	nei
Torill Svendsen	<a href="mailto:Torill.Svendsen@askoy.kommune.no">Torill.Svendsen@askoy.kommune.no</a>	Askøy	ja
Anita Fønnes	<a href="mailto:Anita.Fønnes@bergen.kommune.no">Anita.Fønnes@bergen.kommune.no</a>	Bergen	ja
Unni Strandman	<a href="mailto:unst@norceresearch.no">unst@norceresearch.no</a>	NORCE RKBU Vest	ja
Linda Renate Kvalvik	<a href="mailto:linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no">linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no</a>	RVTS Vest	ja
Bente Cecilie Foss	<a href="mailto:fmhobcf@statsforvalteren.no">fmhobcf@statsforvalteren.no</a>	Statsforvaltaren	ja
Berit Hognestad Haaland	<a href="mailto:berit.hognestad.haaland@bufetat.no">berit.hognestad.haaland@bufetat.no</a>	Bufetat region Vest	nei
Astrid Toft	<a href="mailto:Astrid.Toft@ks.no">Astrid.Toft@ks.no</a>	KS	ja

#### Vara for styringsgruppas medlemmer

Namn	Kontakt informasjon	Kommune/organisasjon	Deltok på møtet:
Owe Myklebust	<a href="mailto:Owe.myklebust@haugesun.kommune.no">Owe.myklebust@haugesun.kommune.no</a>	Haugesund	nei
Kjersti Kloløck	<a href="mailto:kjeklo@kvam.kommune.no">kjeklo@kvam.kommune.no</a>	Kvam	nei
Laila Grøn-Jensen	<a href="mailto:Laila.Gronn-Jensen@oygarden.kommune.no">Laila.Gronn-Jensen@oygarden.kommune.no</a>	Øygarden	nei
Jørund Tvedt	<a href="mailto:Jorund.Tvedt@stord.kommune.no">Jorund.Tvedt@stord.kommune.no</a>	Stord (SIB)	nei
Gerd Ynnesdal	<a href="mailto:gerd.ynnesdal@gloppen.kommune.no">gerd.ynnesdal@gloppen.kommune.no</a>	Gloppen	ja
Elisabeth Abelvik	<a href="mailto:Elisabeth.Abelvik@bergen.kommune.no">Elisabeth.Abelvik@bergen.kommune.no</a>	Bergen	nei
Marte Knag Fylkesnes	<a href="mailto:mafy@norceresearch.no">mafy@norceresearch.no</a>	NORCE RKBU Vest	nei
Marita Brekke Skjelvan	<a href="mailto:mariskje@hvl.no">mariskje@hvl.no</a>	Høgskolen på Vestlandet	nei
Carol Kjøpstad Vangsnes	<a href="mailto:carolkjopstad.vangsnes@bufetat.no">carolkjopstad.vangsnes@bufetat.no</a>	Bufetat	nei
Silje Samland	<a href="mailto:fmsfsisam@statsforvalteren.no">fmsfsisam@statsforvalteren.no</a>	Statsforvaltaren i Vestland	ja
Frode Kyrkjebø	<a href="mailto:Frode.Kyrkjebo@ks.no">Frode.Kyrkjebo@ks.no</a>	KS Vestland	nei

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss den: 30.11.2021

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 10.12.2021